



**SUND KOMMUNE**

Ordføreren

Lag- og organisasjoner i Sund kommune

Sakshands.: KAL  
Direktetlf.:

Vår ref.: 14/1012-4  
Arkiv: N-398

Dykkar ref.:

Dato: 10.06.2014

### TV-AKSJONEN 2014

I år er det Kirkens Nødhjelp som er tildelt TV-aksjonen. Dette er ein nasjonal dugnad som alle kommunar får oppfordring til å delta på. TV-aksjonen er i år 40 år. Midlane skal gå til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid med å skaffe varig tilgang til reint vatn til over 1 million menneske i 8 land.


Me vil og i år, som i fjor, sende ut ein førespurnad til lag, organisasjonar og instansar med oppfordring om å delta på TV-aksjonen, søndag den **19. oktober**.


Rådmann og ordførar oppmodar alle til å delta! Ei særleg oppfordring går til dei laga som får kommunale tilskot som kulturmidlar og ressurskoplingsmidlar, men også til alle andre som er opptekne av folkehelse. Rådmannen har sagt at alle lag, organisasjonar/instansar som tek del, vil vera med i ei trekning av eit stimuleringsstilskot pålydande kr. 5000,- som går til laget eller instansen.

**Det er folkehelse i kvart einaste steg me går med bøssa!**

Ber om ei snarleg tilbakemelding på om ditt lag ynskjer å delta på TV-aksjonen 2014.

Med helsing

  
Kari-Anne Landro  
ordførar

  
Stig Arne Thune  
rådmann